

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Helse Fonna HF

**DATO:** 21.04.17

**FRÅ:** Administrerende direktør

**SAKSHANDSAMAR:** Olav Klausen

**SAKA GJELD:** Informasjon om vedtak Odda sjukehus

**STYRESAK:** 31/17

**STYREMØTE:** 28.04.17

Administrerende direktør si orientering pkt.5

2 vedlegg

Representantforslag om å opprettholde akuttkirurgi ved Odda sykehus

Dokument 8:93 S (2016-2017), Innst. 275 S (2016-2017)

- ***Vedtak i korthet***

Stortinget har behandlet to representantforslag om lokalsykehusene i Flekkefjord, Narvik og Odda. Forslagene i innstillingen om akuttberedskapen ved sykehusene i Narvik og Odda fikk ikke flertall. Kristelig Folkeparti, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet De Grønne støttet forslagene. Når det gjelder Odda sjukehus viser komiteens flertall bestående av medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Fremskrittspartiet og Venstre, til brev fra helse- og omsorgsministeren av 8. mai 2017 med forsikringer om en grunnleggende akuttberedskap for befolkningen i Odda. Brevet er tatt inn som vedlegg i komiteens innstilling.

### ***Behandling og innstilling***

Innstilling avgitt 09.05.2017

Behandlet i Stortinget: 15.05.2017

Vedlegg 1 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 24.04.17. Førebels versjon

Vedlegg 2 Brev fra Helse – og omsorgsdepartementet til Helse og omsorgskomiteen Stortinget datert 08.05.17



DET KONGELIGE  
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Statsråden

Helse- og omsorgskomiteen  
Stortinget  
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

17/1360

8. mai 2017

## Beredskapsfunksjoner ved sykehuset i Odda

Jeg viser til brev fra helse- og omsorgskomiteen datert 8. mai med følgende spørsmål:

*Helse- og omsorgskomiteen viser til konklusjon fra foretaksmøtet 24. april 2017, der helse- og omsorgsministeren sanksjonerte endringer i akuttfunksjoner som var vedtatt i styrene i Helse Vest RHF og Helse Nord RHF. Det ble lagt til grunn at utviklingsplanene til helseforetakene skulle utarbeides med utgangspunkt i dagens akutttilbud, med de endringene som ble vedtatt i foretaksmøtet.*

*Det følger av vedtak i foretaksmøtet at Odda sjukehus skal videreføres som akutt sykehus med akuttfunksjon i indremedisin, radiologiske tjenester, laboratorietjenester, planlagt kirurgi, anestesilege i døgnvakt og skadepoliklinikk.*

*Avviklingen av akuttkirurgisk virksomhet skal gjennomføres etter at Helse Fonna har utarbeidet en beredskapsplan som ivaretar stabiliseringsfunksjonen av akuttpasienter. Denne skal foreligge før det gjøres endringer i dagens drift. Så lenge denne planen ikke foreligger, oppfatter vi situasjonen som uklar. Vi ber derfor om at helse- og omsorgsministeren gjør rede for hvordan han ser for seg at tjenesten i Odda kan oppfylle kravene til beredskap for kirurgisk vurdering og stabilisering. I vurderingen må det legges vekt på at Odda er i en spesiell situasjon på grunn av sin geografiske beliggenhet, med lang vei til nærmeste sykehus og veier som ofte blir stengt. Det er derfor viktig at befolkningen i Odda får en trygghet for at det ivaretas en grunnleggende kirurgisk beredskap ved Odda sjukehus for å kunne håndtere spesielle situasjoner.*

## Svar:

Ved behandlingen av Nasjonal helse- og sykehusplan sluttet Stortinget seg til at alle akutt sykehus som minstekrav skal ha akuttfunksjon i indremedisin, anestesilege i døgnavakt, planlagt kirurgi, beredskap for kirurgisk vurdering og stabilisering, og håndtering av akutte hendelser.

Som ledd i helseforetakenes arbeid med utviklingsplaner, ba jeg i foretaksmøtet 4. mai 2016 om at akuttfunksjonene i sykehusene skulle avklares innen 1. april 2017. Det ble senere gitt noe utvidet frist.

Mandag 24. april ble det gjennomført felles foretaksmøte for alle de regionale helseforetakene. Jeg la vekt på at akuttfunksjonene gjennom dette møtet ble avklart, for å sikre forutsigbarhet og ro rundt det videre arbeidet med utviklingsplanene som skal ferdigstilles i 2018.

Odda sjukehus har spesielle utfordringer på grunn av sin geografiske beliggenhet og risiko for stengte veier. Jeg vil derfor påse at Helse Fonna sin plan for implementering av foretaksmøtets vedtak ivaretar følgende:

- Odda skal være et akutt sykehus. Tilbudet ved Odda sjukehus skal være framtidsrettet og videreutvikles i samsvar med nasjonal helse- og sykehusplan, være forsvarlig, forutsigbart og ivareta tryggheten, og er en viktig del av beredskapen for befolkningen.
- Sykehuset skal kunne håndtere situasjoner med akutte alvorlig syke eller skadde pasienter/traumepasienter, og stabilisere for videre transport. Dette gjelder både akutte alvorlige medisinske og kirurgiske tilstander. Den samlede beredskapen for befolkningen tilhørende Odda sjukehus skal være på samme nivå og gi tilsvarende trygghet som i dag. Den samlede kompetansen som finnes på sykehuset, og som er i beredskap, skal selvsagt kunne brukes i akutte alvorlige situasjoner.
- Kirurg/ortoped skal behandle pasienter på skadepoliklinikken, og skal være tilgjengelig for sykehuset på døgnbasis.
- Anestesilege og medisinsk overlege skal være tilgjengelig på døgnbasis.
- Sykehuset skal gjennomføre kompetansehevende tiltak og regelmessig trening, slik at personellet er forberedt på å håndtere akutte situasjoner.
- Det skal utarbeides en beredskapsplan med tiltak for å møte ulike scenarier, herunder en situasjon med stengte veier. Beredskapsplanen utarbeides i samarbeid med de ansatte ved Odda sjukehus, med kommunene og øvrige aktuelle aktører.

Dette vil bli meddelt til Helse Vest RHF i revidert oppdragsbrev som ferdigstilles etter Stortingets behandling av revidert nasjonalbudsjett.

Med hilsen

A handwritten signature in blue ink that reads "Bent Høie". The signature is written in a cursive, flowing style.

Bent Høie

Føretaksmøte 24. april 2017

## **Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF**

### **Oppfølging av Nasjonal helse- og sjukehusplan – avklaring av akutfunksjonar**

Foreløpige versjon

## **PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF**

Måndag 24. april 2017 kl. 13.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale, Teatergata 9, Oslo.

### **Dagsorden**

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Oppfølging av Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019) – avklaring av akuttfunksjonar

### **Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte**

Helse- og omsorgsminister Bent Høie

### **Frå styret møte**

Styreleiar Terje Vareberg

### **Frå administrasjonen møte**

Administrerande direktør Herlof Nilssen

### **Også til stades**

Statssekretær Anne Grethe Erlandsen

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum

Ekspedisjonssjef Cathrine Meland

Politisk rådgiver Mathilde Tybring-Gjedde

Avdelingsdirektør Astri Knapstad

Spesialrådgiver Kristin Lossius

Fagdirektør Stein Johnsen

Seniorrådgiver Mona Sæverud Higrav

Seniorrådgiver Mikkel Hovden Aas

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13 og møte ved seniorrådgjevar Frode Linna.

## **Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert**

Helse- og omsorgsminister Bent Høie ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen. Han spurte om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

### **Føretaksmøtet vedtok:**

*Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.*

Styreleiar Terje Vareberg og helse- og omsorgsminister Bent Høie vart valde til å skrive under protokollen.

## **Sak 2 Dagsorden**

Helse- og omsorgsminister Bent Høie spurte om det var merknader til dagsorden. Det var ingen merknader til dagsorden.

### **Føretaksmøtet vedtok:**

*Dagsorden er godkjent.*

## **Sak 3 Oppfølging av Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016–2019) – avklaring av akuttfunksjonar**

Ved behandling av Nasjonal helse- og sjukehusplan slo Stortinget fast at det fortsatt skal vere ein desentralisert sjukehusstruktur i Noreg. Stortinget slutta seg til forslaga i planen om nemningar på sjukehus, som er regionsjukehus, stort akuttsjukehus, akuttsjukehus og sjukehus utan akuttfunksjonar. Alle akuttsjukehus skal ha akuttfunksjon i indremedisin, anestesi og døgnavt, planlagt kirurgi, beredskap for kirurgisk vurdering og stabilisering, og handtering av akutte hendingar.

Stortinget gjorde i tillegg følgjande vedtak: "Stortinget ber regjeringen sørge for at sykehus som i dag har akuttkirurgiske tilbud, fortsatt vil ha dette når hensynet til pasienten gjør det nødvendig, og kvalitet og pasientsikkerhet er ivarettatt".

Som oppfølging av Nasjonal helse- og sjukehusplan skal alle helseføretak utarbeide utviklingsplanar. Oppdraget vart gitt i føretaksmøte 4. mai 2016. Det vart gitt føringar for dette arbeidet i tråd med Stortinget si behandling av planen. Avklaring av akuttfunksjonar skulle skje innan 1. april 2017. Det er seinare gitt noko utvida frist.

Føretaksmøtet viste til at arbeidet med avklaring av akuttfunksjonar har vore krevjande. Føretaksmøtet la vekt på at akuttfunksjonane nå vert avklarte, for å sikre føreseielegheit og ro rundt det vidare arbeidet med utviklingsplanane som skal ferdigstillast i 2018.

Føretaksmøtet la til grunn at utviklingsplanane skal utarbeidast med utgangspunkt i dagens akutttilbod, med dei endringane som vert vedtekne i dette føretaksmøtet. I helseføretak med

prosessar som går føre knytt til struktur/utbygging av nye sjukehus, som Helgelandssjukehuset HF og Sjukehuset Innlandet HF, vil det likevel kunne skje endringar. Endringar vil og måtte vurderast etter kvart ut frå omsynet til pasientsikkerheit og kvalitet.

Det vidare arbeidet med utviklingsplanane skal skje med hovudvekt på å styrke samarbeidet internt i helseføretaka. Dei enkelte sjukehusa skal samarbeide i team med avklart oppgåvedeling og felles pasientløp. I tråd med Nasjonal helse- og sjukehusplan er målet å styrke tenester som kan leverast lokalt med god kvalitet, for eksempel planlagt kirurgi, og samle tilbod der dette er nødvendig av omsyn til kvalitet og pasientsikkerheit. Pasientane skal oppleve at helseføretaket står fram som ei eining med eit heilskapleg og samanhengande behandlingstilbod.

Det er gjennomført utgreiingar av akuttfunksjonar ved sjukehusa i Flekkefjord, Odda, Stord, Volda, Namsos, Lofoten og Narvik. Vedtak gjort av styra i Sørlandet sjukehus, Helse Fonna, Helse Møre og Romsdal, Helse Nord-Trøndelag, Nordlandssjukehuset og Universitetssjukehuset i Nord-Noreg er behandla av styra i dei regionale helseføretaka.

Styrevedtak i Helse Sør-Aust RHF, Helse Vest RHF og Helse Nord RHF om sjukehusa i Flekkefjord, Odda og Narvik handlar om endringar i akuttfunksjonar og er derfor lagt fram for behandling i føretaksmøtet.

Føretaksmøtet viste til brev frå Helse Vest RHF av 5. april 2017 om tilbakemelding på sak om Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan. Helse Vest RHF gjorde greie for saka i føretaksmøtet.

Føretaksmøtet viste til at styret i Helse Vest RHF 4. april 2017 gjorde følgjande vedtak i sak 041-2017 Sak om Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan:

- 1. Odda sjukehus skal tilby spesialisthelsetenester som er framtidsretta, trygge og med god kvalitet, og som innbyggjarane treng ofte, mykje og nært.*
- 2. Styret i Helse Vest RHF ber Helse Fonna om å realisere tilrådingane i punkt 1-7 i rapporten frå prosjektet Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019). Det inneber mellom anna at sjukehusa i føretaket skal fungere saman i eit forpliktande nettverk/teamarbeid, at det blir lagt til rette for felles venteliste i heile føretaket og at det polikliniske tilbodet blir utvida.*
- 3. Styret i Helse Vest RHF legg til grunn at Odda sjukehus blir vidareført som akuttsjukehus med akuttfunksjon i indremedisin, radiologiske tenester, laboratorietenester, planlagd kirurgi, anestesilege i døgnvakt og skadepoliklinikk.*
- 4. Styret i Helse Vest RHF slutter seg til at akuttkirurgisk verksemd ved Odda sjukehus blir avvikla. Avviklinga blir gjennomført etter at Helse Fonna har planlagd implementering av endringane.*
- 5. Styret i Helse Vest RHF ber Helse Fonna om å legge vedtakspunkt 1-4 over til grunn som føresetnader i arbeidet med utviklingsplan for helseføretaket.*
- 6. Styret i Helse Vest RHF ber om statusrapport for oppfølginga etter eit år.*

Føretaksmøtet si vurdering er at prosess og vedtak i denne saka er i tråd med Stortinget sine føringar ved behandling av Nasjonal helse- og sjukehusplan og stadfestar vedtaket.



Føretaksmøtet viste vidare til brev frå Helse Vest RHF av 21. desember 2016 om sak 134/16 Prosjekt Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan. Helse Vest RHF gjorde greie for saka i føretaksmøtet. I denne saka er det ikkje gjort vedtak om endring i akutfunksjonar. Føretaksmøtet tar dette til orientering.

**Føretaksmøtet vedtok:**

*Føretaksmøtet stadfestar vedtaket i styret i Helse Vest RHF om akutfunksjonane ved Odde sjukehus. Føretaksmøtet tar saka om Stord sjukehus til orientering.*

Møtet vart heva kl. 13.50.

Oslo, 24. april 2017

---

Bent Høie

---

Terje Vareberg